

Til landets kommuner, helseforetak

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

20/15573-2

21.12.2020

## Informasjonsbrev nr. 8 i koronavirusprogrammet

Dette brevet inneholdt informasjon om:

1. Oppstart koronavirusvaksinasjon
2. Telefonrådgjeving
3. SYSVAK-kodar til koronavirusvaksiner
4. Tilgang til SYSVAK-nett for nye kategoriar av helsepersonell
5. Journalføringsplikt
6. Folkeregisteropplysingar til kommunane
7. Vanlege biverknader
8. Melding om biverknader etter vaksinasjon

### 1. Oppstart koronavirusvaksinasjon

Det er varsla at den fyste koronavirusvaksinen (BNT-162b2, BioNTech og Pfizer) kan få vilkårsbunden godkjenning i Europa 21. desember, og at dei fyste dosane vil kome til Noreg i romjula. Nokre kommunar i Sør-Noreg vil då starte vaksinasjon. Folkehelseinstituttet (FHI) har vore i dialog med dei aktuelle kommunane. Vaksinasjon i resten av landet vil starte over nyttår.

Kommunane vil få regelmessige vaksineleveransar. I løpet av få dagar vil kontaktpersonar i kommunane få beskjed om tal på doser og leveringstidspunkt.

BNT-162b2 skal transporterast og lagrast ved  $-75^{\circ}\text{C}$  ( $\pm 15^{\circ}\text{C}$ ). Kommunar vil få tint vaksine som skal oppbevarast i kjøleskap ( $2-8^{\circ}\text{C}$ ). Avhengig av transporttid er det 3-5 døgn att av lagringstida når kommunen mottok vaksinen. Vaksinasjon må derfor være nøye planlagt på førehand. Klargjering og vaksinerings med BNT-162b2 er omtalt i vaksinasjonsrettlegg for helsepersonell

: <https://www.fhi.no/nettpub/vaksinasjonsveilederen-for-helsepersonell/vaksiner-mot-de-enkelte-sykdommene/koronavirusvaksine/>, og vil også kome i preparatomtale og pakningsvedlegg så snart vaksinen blir godkjent.

Planlegging og praktisk gjennomføring av koronavirusvaksinasjon er omtala

i [koronavirusvaksinasjonsrettlegg](#) for kommunar og helseforetak (FHI), og i [detaljert rettlegg](#) for vaksinasjon med vaksine som krev ultrakjølekjede.

## 2. Telefonrådgjeving

Helsepersonell som har behov for rådgjeving om koronavaksine eller koronavaksinasjonsprogrammet kan nytte seg av FHI si telefonrådgjevingsteneste. I opningstida er det sentralbordet med telefonnummer 21 07 70 00 som er det primære kontaktpunktet. For spørsmål som ikkje kan vente til vanleg arbeidstid kan telefonnummeret til smittevernvakta nyttast (21 07 63 48). Folkehelseinstituttets smittevernvakt er no organisert slik at innringar blir satt over til rådgjevar som ved behov konfererer med lege.

## 3. SYSVAK-kodar til koronavaksinane

Dei tre fyste koronavaksinane som er forventa å bli tilgjengelege i Noreg er:

- BNT-162b2 frå BioNTech og Pfizer og denne har fått SYSVAK-kode BNT03
- mRNA-1273 frå Moderna og denne har fått SYSVAK-kode MOD03
- AZD1222 frå AstraZeneca og denne har fått SYSVAK-kode ASZ03

For å kunne følgje opp effekt og sikkerheit av covid-19 vaksinasjon, vil dei ulike covid-19 vaksine som skal brukast i Noreg få kvar sin spesifikke SYSVAK-kode som skal brukast ved registrering av vaksinasjon i SYSVAK. Dette for at vi i størst mogleg grad skal kunne unngå feilregistreringar eller bruk av feil kodar. Kodeverk er oppdatert på Volven, og leverandørar av dei enkelte journalsystem må sikre at dette også blir gjort i eige system. Dersom ein ikkje finn kodane i journalsystemet, må ein ta kontakt med journalleverandør.

## 4. Tilgang til SYSVAK-nett for fleire kategoriar av helsepersonell

SYSVAK-nett er ei ny webløysing for elektronisk registrering i SYSVAK, og er eit alternativ for dei verksemdar som ikkje har eit elektronisk pasientjournalsystem med integrasjon til SYSVAK. Fleire kategoriar (lege, sjukepleiar, helsesjukepleiar, reseptarfarmasøyt, provisorfarmasøyt og apotekteknikar) av autoriserte helsepersonell med gyldig HPR-nummer kan bruke SYSVAK-nett. Det er no også mogleg for helsesekretærer og vernepleiarar å nytte seg av SYSVAK-nett for registrering i SYSVAK.

## 5. Journalføringsplikt

Plikt til å føre journal (jmf § 39 i Helsepersonellovene) gjeld for all vaksinasjon i koronavaksinasjonsprogrammet på lik linje med annan helsehjelp som skal dokumenterast. Verksemda må legge til rette for at journalføringsplikta kan overhaldast. Det er særskilt viktig å dokumentere vaksinasjon med dei nye koronavaksinane med tanke på pasientsikkerheit og eventuelle biverknader. Vaksinasjonsdato, vaksinetype, vaksinenamn, fullstendig batchnummer/lotnummer, produsent, evt. styrke og dosestorleik reknast som fullstendige journalopplysningar.

## 6. Folkeregisteropplysingar til kommunane

I samband med vaksinasjon mot covid-19 treng kommunane ei oversikt over innbyggjarar i kommunen over 65 år. Alle kommunar vil få tilsendt ei slik oversikt før 23. desember frå KS. KS samarbeider med FHI om å hente oversikta frå tenesta Fiks folkeregister. Les meir om dette her: <https://portal.fiks.ks.no/2020/12/18/alle-kommuner-far-en-oversikt-over-innbyggere-over-65-ar-for-jul/>

For andre digitale behov i kommunane er også følgjande nettsider nyttige: <https://nhn.no/helsenorgeno/helsenorge-for-kommuner/>.  
<https://www.ks.no/informasjon-om-koronaviruset/helse-og-omsorg/digitale-losninger-i-bekjempelsen-av-koronapandemien/>

## 7. Vanlege biverknader og forsiktighetsreglar for koronavaksinasjon

For informasjon om vanlege biverknader for koronavaksinane og praktisk handtering av personar med antikoagulasjonsbehandling, personar med tidlegare alvorlege allergiske reaksjonar eller dei som tidlegare har hatt covid-19 sjå: <https://www.fhi.no/nettpub/vaksinasjonsveilederen-for-helsepersonell/vaksiner-mot-de-enkelte-sykdommene/koronavaksine/>

## 8. Melding av biverknader etter vaksinasjon

Helsepersonell har meldeplikt ved mistanke om uventa, nye eller alvorlege biverknader etter vaksinasjon. Kommunen/verksemda må legge til rette for at meldeplikta kan overhaldast.

Melding sendes via nettskjema på [melde.no](https://melde.no).

Helsepersonell oppfordrast til å oppgi heile fødselsnummeret til den vaksinerte slik at opplysningane kan kvalitetssikrast. Det er også svært viktig at batchnummer blir registrert i innmeldinga.

Papirskjema via brevpost kan nyttas dersom det ikkje er mogleg å melde elektronisk.

Folkehelseinstituttet behandlar meldingane og legg dei inn i Bivirkningsregisteret.

For meir informasjon om korleis melde biverknader: <https://www.fhi.no/publ/skjema/melding-om-vaksinebivirkning/> og om Bivirkningsregisteret: <https://legemiddelverket.no/bivirkninger-og-sikkerhet/meld-bivirkninger/bivirkningsregisteret>

Vennlig hilsen

Geir Bukholm  
Direktør Smittevern

Are Stuwitz Berg  
Seksjonsleder Smittevern og vaksine

Brevet er elektronisk godkjent

Kopi til: HOD, Hdir, RHF, Rådmenn/fylkesmenn